



Ett er nødvendig – her i denne vår vanskelige verden av husville og hjemløse: Å TA BOLIG I SEG SELV. Gå inn i mørket og pusse sotet av lampen. Slik at mennesker på veiene kan skimte lys i dine bebodde øyne (Hans Børli)

Nr. 3

64. årgang

Allehelgen 2023



Så fin topp du har på deg i dag, Anne!

Bibeltekst: Lukas 11: 3

«Gjev oss kvar dag vår daglege brød»

Anne tok utfordringa og kom fram i koret i Heensåsen kyrkje på Hausttakkefesten. Eg spurde der og då, etter

barnepreika, om ho ikkje kunne være frivillig og komme fram. Anne sa ja og samtalen starta.

Eg hadde lagt merke til den fine toppen ho hadde på seg, den var orange og såg tynn og mjuk ut. Her er eit utdrag frå

dialogen vår som utgjorde preika denne søndagen.

- Så fin topp du har i dag
- Jo, takk!
- Den ser mjuk ut, i kva materiale er den?

- Eh, eg trur nok det er bomull, men eg har ikkje sjekka
- Ja, den ser litt ut som bomull ja, men ... kor trur du den er laga?
- Vel, det har eg ikkje tenkt på, men kanskje i India, der har dei mykje bomull
- Men kor kjem bomull frå da?
- Det er ei jo plante
- Og kor kjem planta frå?
- Frå eit frø sjølv sagt
- Og frøet?
- Frå jorda
- Og kor kjem jorda frå?
- Ja, den er det vel Gud som har gitt oss!

Etter denne utspørjinga fekk Anne sette seg i benken igjen (eg trur ho fekk applaus), medan eg fortalte litt meir om samanhengar i verda og i kvardagen. Eg tok opp kva dei har med Gud å gjere og kva Gud har med oss å gjere.

Då Jesus lærte vekk bøna «Gi oss kvar dag vårt daglege brød» var det med tanke på at alle skulle ha nok!
Ja, hadde me alle ete oss mette, men ikkje meir enn det, hadde me ikkje kasta mat eller kjøpt ting me ikkje trong – ja då hadde det vore nok ressursar til alle i heile verda. Ja Gud gir og me er takksame, men eg tenker vel at det minner om å stjela å ta meir enn det eg treng, eller?

Intervjuet med Anne trur eg synta at sjølv i våre lokale og vanlege liv, er det samanhengar som knyter kloden tettare saman og som knyter oss til Gud som givar av alle ting!

La oss takke, be og dele!

Deler eit dikt av Helge Torvund som også handlar om brød og samanhengar

*Eg prøvde å tenkja på
kva som er det motsette
av bomber*

*og enda opp
med å tenkja på korn*

*Korn som veks så stille
Og som kan vaia
så vakkert i vinden*

*Og som kan
gje oss brød.*

Ingebjørg Vik Laugaland
Sokneprest i Vang

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Ragni Almenning
ragni.almenning@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Kyrkjevevje:
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

Gravferdstider i kyrkjene i Vang:

1. mai – 30. september: tysdag – fredag kl. 11.00 eller kl. 13.00
1. oktober – 30. april: tysdag – torsdag kl. 11.00 eller kl. 13.00, fredag kl. 11.00

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret
Dagleg leiar: Silje Hammerstad,
Tlf. 902 42 171
e-post: sh466@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00
Rådgjevar: Guro Hovda,
Tlf. 412 65 178,
e-post: gh575@kirken.no

Organist i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124
Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 52, frist for innsending av tekst og bilder er 24. november 2023. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Langåne, utsikt mot Vang. Oddvin Almenning.

I gang:

Det er moro å vera i gang i stillinga som kyrkjeverje, og det er heilt klart mykje å setja seg inn i og særdeles bratt læringskurve. Eg er derfor svært takksam for å ha Guro tilgjengeleg i tida fram mot jul, så me får ein så god overlapp som mogleg. Dei tilsette har lang erfaring og eigarskap til funksjonane sine, så dette er og ei ekstra trygghet og er med å bidra til å bygge meg opp i den rolla eg har tatt fatt på. Det blir og spanande å tråkke opp vegen vidare ilag med dei nye sokneråda og fellesrådet, etter kvart som dei kjem inn i tralten før jul. Noverande sokneråd og fellesråd har i alle fall gjort ein formidabel innsats dei fire siste åra – så eg håper me klarer å vidareføre det gode arbeidet og danne eit godt samarbeid. Eg gler meg til vegen vidare.

Nokre oppdateringar og presiseringar vedrørende stell av graver og kyrkjegardar:

Fleire har lurt på om det finst noko form for blomsterfond, for å kunne pynte opp dei gravene som ikkje blir tatt hand om av festar, då dei tykkjer det er trist at gravene vert ståande ustelte. Svaret på dette er at det finst ikkje noko

form for blomsterfond, kun den legatordninga som ein må bestille og betale for. I tillegg er og gravplassane (stein og bed) den enkelte festars «eigedom», så ingen har derfor rett til å beplante, rette opp stein eller liknande på andre sine graver utan ei eventuell godkjenning. Me ynskjer likevel å oppfordre dei som ikkje steller gravene sjølv, eller nyttar seg av legatordninga, til å heller fjerne bed og la graset gro heilt inn til steinen. Dette ser i alle fall meir ryddig og hyggelegare ut enn ei ustelt grav. Me vil og informere om at legatordninga har vorte justert no i haust, kor avtala med Lund arbeidsbase har vorte utvida. Det er frå no av dei som står for både blomsteranskaffing og utplanting på samtlege legatograver, slik at det blir gjort likt hjå samtlege sokn. Det blir fortsatt enkeltpersonar frå dei enkelte sokna som står for stell og vatning i løpet av sumaren.

Før hauststormane og snøen kjem er det fint om de tek ein tur innom egne graver og fjernar gamle gravlys og liknande.

Takk:

Me vil takke dei iherdige ungdommane som har hjulpet til i sumar i forbindelse



med plenkypp og kantklypp av kyrkjegardane. Dette er tidkrevjande arbeid som er vanskeleg å nå over for vår einaste faste tilsette kyrkjegardsarbeidar når graset sprett i likt på alle kyrkjegardane, i tillegg til at også han skal ha ferie.

Sumarhjelp har både no og tidlegare vore eit suksesskriterie – men me kjem og til å utvide sumarhjelp-sesongen ytterlegare til neste år, for å sørge for at kyrkjegardane er så velstelte som mogleg gjennom heile sumaren. Dette er utruleg viktig, hovudsakeleg for dei som har sine kjære kvilande på dei ulike stadene. I tillegg gjev det eit betre inntrykk for besøkande og tilreisande i løpet av sesongen dersom dette er på stell.

Med ynskjer om ein fantastisk haust
frå Silje



Trusopplæringa i Vang

Trusopplæringa i Vang har dette bildet på alle invitasjonar vi sender ut til alle døypte mellom 0 og 18 år, og som vi har tilbod til. Sjølv om trusopplæringa berre varer til fylte 18 år, trur vi at alle nyt godt av det heile livet.

Denne hausten har vi som vanleg mange aktivitetar vi inviterer til, og baby-songen har allereie starta.

6-åringane har vore i Høre stavkyrkje og fått eit hefte med prikk-til-prikk-oppgåver frå bibelske forteljingar, og dei skal seinare få koma på dåpsskule seks

gonger i løpet av vinteren. 4-åringane har fått ein eigen barnebibel, som vart delt ut i Heensåsen kyrkje.

På Lys Vaken får deltakarane kvar sin bibel, og då er det til god hjelp å setje inn eit register for lettare å finne dei forskjellige bøkene i Bibelen. 12-åringane er invitert til å setje inn registeret ein ettermiddag i oktober.

28. oktober kjem kirkerottene på besøk – det er to rotter som vil møte 3-6-åringane og fortelje ei artig historie. Dette blir i Heensåsen kyrkje og er opent for

alle som vil, men 3-6-åringane får invitasjon.

Krøllekveld blir det for 2-3-åringane i november. Då er det vesle Krølle som står i fokus, og han har lett for å bli borte. Då trengs det mannskap for å leite. Og sist men ikkje minst blir det Lys Vaken for 11-åringane første helga i advent i Vang kyrkje. Dette har vi halde på med sidan 2008, så i år er det 15-årsjubileum. Og det er alltid stas når vi ser korleis påmeldingane strøymer på til dette.

Guro

Sumarkveld i Totunheimen

Startskotet for Jørn Hilme-stemnet har i mange år vore på Filefjell. I år var opningsarrangementa flytta til den andre sida av kommunen, til Bygdin og vakre Fagerdalen.

Vandringa gjekk frå Bygdin Høgfjells-hotell og til Fagerdalen – og ned att til hotellet. Turvert for dagen var kjentmann Tor Harald Skogheim frå Øystre Slidre. Skogheim er eit levande leksikon når det gjeld kunnskap om fjella, naturen og kulturen. I Fagerdalen vart turfølgjet helsa velkommen med felemusikk av spelemannen Jan Beitohaugen Granli. Veret var på lag med Hilme denne dagen og sette ei fin ramme om turen.

Etter turen vart det servert nydeleg mat på Bygdin Høgfjellshotell, før konserten med felespelaren Sivert Holmen frå Øystre Slidre og kvedaren Malin

Alander, ho frå Vassenden. Sivert spelar det meste: vare lydarlåttar der tida nesten stoppar opp, og springarar ein umogleg kan stå stille til.

Malin er i dag rekna som ein av dei fremste unge folkesongarane. Alander og Holmen står fjellstøtt i eigen tradisjon – slik dei og opnar opp for nye straumar i tida. Under konserten slo det tradisjonelle følgje med det nye, med det eksperimentelle. Fele og song, nytt og gamalt.

Jørn Hilme-stemnet – den store, intime festivalen – vart skipa alt i 1960 og er den eldste folkemusikkfestivalen i Noreg. Hilme er hjartet i folkemusikken i Valdres, men er ikkje ein festival berre for Valdres, men ein smeltedigel for alle tradisjonsområde i landet.

Tekst og foto: Knut Aastad Bråten
Foto: Anne Marit Noraker



Kristent kvinnefelleskap i Tingnes kirke på Fagernes

Velkommen til høstsamlingene i Tingnes kirke! I høst ønsker vi å være sammen for å dele trosopplevelser, kjenne på fellesskapet, og å ha inviterte gjester på besøk. Det blir også tid til ønskekonsert, da spiller Hanne eller Inger piano til sangene som blir foreslått.

Det er spennende og inspirerende kvelder for oss. Det er også tid til gode samtaler, og å bli kjent med nye, spennende folk. Hver enkelt som kommer tar med litt å bite i til den felles kveldsmaten vi dekker på til, og kvelden avsluttes med nattverd og velsignelsen.

Dette er datoene for de neste to møtene:

- Mandag 6. november kl.19.00-21.00
- Mandag 4. desember kl.19.00-21.00

Hjertelig velkommen til Tingnes kirke! Siri Osaland, fellesrådsleder i Nord-Aurdal



Stølsmesse på Helin

Søndag 6. august var det tid for gudstjeneste på grassletta ved vestre enden av Helin. Denne nye tradisjonen ble innført i koronatida og i år var det fjerde gangen det var gudstjeneste der. Søndagen var ikke sommerens varmeste, men heldigvis var det oppholdsvær. Og Ivar Jonny hadde bålkaffen klar så vi fikk en kaffekopp å varme oss på før preka. Vi var ei fin forsamling på vel 30 personer som hadde ei trivelig stund sammen. Ola var kirketjener og klokker denne dagen, Artur organist og Ingebjørg prest. Soknerådet hadde stelt i stand alter med blomster og ordna alt det praktiske.

Og fra preka til Ingebjørg husker vi at hun hadde fram en frivillig – kirketjener Ola – som skulle vende det andre kinnet til. Salmesangen lød i det fri – godt akkompagnert av Artur.

I forbønnsdelen ble navna på dem som er invitert til konfirmasjon dette året lest opp, og vi ble oppfordra til å ta disse ungdommene med i våre tanker og bønner.

Etter messa serverte soknerådet kaffe og gode lapper som Liv Bøland hadde laga. Dette var den siste stølsmessa som dette soknerådet hadde ansvaret for, og de har innført en ny og fin tradisjon med denne måten å feire stølsmesse på. Og de gangene det er barnedåp er det dåpsvann nok i Helin!



Tusen takk til alle som bidro til å gi oss åndelig og legemlig føde og ei trivelig samling ved Helin denne søndagen i august!

Tekst og foto: Kristin Bakke Lajord

Foto: Rita Helen Dalemark



Døde i Vang det siste året (oktober 2022 - september 2023)



Øye sokn:

Veslegut Hauge
Berthe Bø
Ola Grihamar

Heensåsen sokn:

Tordis Remmen
Guri Inger Helsingeng
Ivar O Hagen
Kirsti Nordsveen
Endre Rogn

Høre sokn:

Ola A Lokreim
Ragnvald Kvien
Odd Johansen



Vang sokn:

Alvhild Hermundstad
Margrethe Berge
Kari Belsheim
Olga Marie Myhre
Marit Lajord
Gudrun Wangenstein
Else Græsby

Feiringa av Valdres i 1000 år

29. juli 2023 var ein stor dag for Valdres. Då vart det feira at det var 1000 år sidan Olav Haraldsson reiste gjennom Valdres, og visstnok kristna forfedrane våre.

Det var invitert til storarrangement ved Slidredomen denne dagen, akkurat slik det var ved 900-årsjubileet i 1923. Ordføraren i Vestre Slidre, Haldor Ødegård, ønskte alle framømte velkomne, og unge spelemenn frå kulturskulen underheldt ved bautaen utanfor kyrkja. Eivind Ødegård heldt ein grepa god og artig gjennomgang av 1000-årshistoria i Valdres.

Så var det tid for festgudsteneste i Slidredomen. I prosesjonen inn i ei fullsett kyrkje gjekk fire prestar, saman med prosten og biskop Ole Kristian Bonden. Biskopen heldt ei solid og tidsaktuell preike. Bjørn Magne Nyhagen og Ragnhild Hem-sing bidrog saman med tre organistar og gjorde salmesongen til ei stor oppleving.

Etter messa var alle velkomne til folkefest i prestegardshagen. Der var det matserving til alle, og mykje flott underholdning. Kulturskuleelevar frå alle Valdreskommunane underheldt, og alle ordførarane hadde ordet og skrytte av kvarandre og sine eigne kommunar! Regjeringa var representert ved barne- og familieminister Kjersti Toppe, som bar fram helsing. Fylkesordførar Aud Hove var tøff nok til å synge ei salme i tillegg til å koma med gode ord. Det var også ei utstilling i prestegarden med flotte kyrkjetekstilar frå alle valdreskommunar.

Utruleg nok heldt regnbygane seg unna under heile arrangementet. Det sette ein ekstra spiss på det heile at det regna i Lomen då vi var på tur heimatt.

I 1923 vart jubileet omtala i mange av dei største avisene i landet, og «Valdres» hadde svært mykje omtale av det store jubileet. Denne gongen meinte lokalavisa vår at 13 setningar om jubileet var nok. Til gjengjeld ofra dei 2 ½ side i same avisa på ein nyåpna restaurant på Beitostølen. Men det var sikkert mykje viktigare enn eit skarve 1000-årsjubileum ...

Tekst: Tore Hovda

Foto: Kristin Bakke Lajord,
Ingunn Hommedal og Guro Hovda



Marie Hermundstad viste fram messehakler frå Vangs kyrkjer





Ordfører Haldor Ødegård, biskop Ole Kristian Bonden og barne- og familieminister Kjersti Toppe



Prosesjonen gjer seg klar

Høre mannskor sang for biskop og alle framøtte

Konfirmantpresentasjon

Søndag 1.oktober var det presentasjon av årets konfirmantar i Høre kyrkje. Ein etter ein vart ungdommane kalla fram for kyrkjelyden og ønska velkommen som konfirmant. Dei fekk kvar si bok som dei skal bruke gjennom konfirmasjonstida. Dette er nytt i år. Etter messa var det eit orienteringsmøte med konfirmantar og foreldre.

På bildet ser vi på venstre side: Meida Marusina, Mia Martinsen Dalåker, Emma Isabell Kvale, Amalie Solemsli, Andrea Søndrol Nilsen, Nicolai Dalemark Wangensteen, Øyvind Berge Egge. På høgre side ser vi: Nora Asheim Remmen, Elise Dalen Kvam, Joakim Finsveen, Ingrid Haugen-Sørengen, Joakim Grihamar, Oliver Skjefte, Knut Skeie.

Ikkje tilstades på bildet:
Oskar Solemsli, Casper Emilian Hermundstad, Max

Tekst og foto: Hanne Kjersti Berge
Foto: Gunn Audhild Tørstad



På sporet av Hellig Olavs ferd gjennom Valdres 1023

I sagn og saga er det fortalt om Hellig Olavs ferd gjennom Valdres for 1000 år siden. Vi var 18 pilegrimer som ville følge i hans fotspor. Så spennende hva vi ville finne og oppleve!

Tre dager før Olsok startet vandringen. Med buss fra Slidre til Nord-Etnedal, ut i den våte, men rike naturen. Vi trodde ikke vi trengte pilegrimsstavene, men de var gode å ha, skulle det vise seg.

Opp over Goaren med flott utsyn over Etnedal der vi kom fra – mot vest dit vi skulle. Gode ord fra presten Eli Vatn til vandringen videre.

Ned til Agnbrokk mot Kyrkjlesletta på Dalen. Godt å ha staven når vi skulle krysse den våte marka der!

På Kyrkjlesletta ble vi møtt med mat og forfriskninger fra soknerådet i Nord-Etnedal. En kort messe med spill på strykelyre, et svært gammelt instrument, salmesang til feletoner og nye ord fra presten. Det fortelles at kong Olav fikk flytta gudshuset som sto der, til Skrautvål i nærheten av der kirka står nå.

Vi forlot denne vakre, hellige plassen til lyden av ringingen fra en gammel, stor hestebjelle, den var en samlende klang mange ganger under vandringen. Det var langs denne vegen folk fra Nord-Etnedal måtte gå for å komme til kirke i gamle dager, for gudstjenester, barnedåp og gravferd.

Dagens vandring endte på Nythun, med våte støvler og med gleden av et begynnende fellesskap med samvandrerne. Vi fikk et herlig måltid, og vi fikk også høre om kristenretten, som ble vedtatt av kong Olav i 1024, der en kristen rettsordning ble innført. Dagen ble avsluttet med langeleikspill før natten.

Dagen etter fulgte vi den gamle kyrkjevegen – der kong Olav og folka hans dro med gudshuset mot Skrautvål. Det var en slitsom tur for kong Olavs folk. De ble tørste, og sagnet sier at Olav gjorde som Moses, han slo på marka, og en klar og rein kilde brøt fram. Denne kilden er der fortsatt, og kalles Olavskjelda. Det var en stor opplevelse å komme til kilden denne dagen, for et lite dåpsfølge var møtt fram, og lille Olivia ble døpt der, kanskje som den eneste i historien. Sprø klemt fra bjella, felelåt til inngang, salmesang og barnedåp mellom myr og trær; en hellig formiddagsstund.

Etter messa fortalte lederen av Skrautvål historielag om rydding og merking av den gamle kyrkjevegen. Så gikk vandringen videre mot Grøslia. På sti, i myr, på stølsvei, og god rast i hellinga mot varm sommersonne. Godt med mat!

Vi hadde gått fra Etnedal, i Nord Aurdal, og fra dette stølslaget gikk vandringen videre mot Øystre Slidre. Vi fikk et lite tilbakeblikk mot der vi kom fra.

Både storheten i naturen, med utsyn over fjell, fjord og skog, og storheten i det lille, med rikdommene i blomster og andre vekster, sopp og bær, ga oss inntrykk til refleksjon i vandring-



Olivia blir døpt i Olavskjelda av prest Eli Vatn.

ens stille stunder. Vi fikk også noen ord i hånda, hver av oss, til å tenke over.

Så kom regnet. På vei mot Mellsehn åpnet himmelen seg, men ingen klage å høre. Har vi hatt sol, får vi også tåle regn, men bekkene vi krysset var nok mye større enn de pleier (og det var før Hans kom!).

Vi har hørt om Frugevegen, en gammel veg mellom øst og vest, fra Mjøsa til Skattebu. Det heter at den gikk langs Mellsehn og nordvestover. Denne leia skulle vi følge denne dagen og neste. Ved Mellsehn-osen slo vi leir. Noen i telt, en i hen-



Kveldstemning ved Mellsehn



Utsyn mot Steinsetsjøen fra Agnbrokk



Frokost og morgenstemning ved Mellseenn



Pilegrimene i prosesjon

gekøye og noen i hytte. Men først var det deilig middag fra Vestoppland fengsel, med kaffe og kake til dessert. Godt å ha en tilrettelegger med transport av bagasje og mat! Ved bålet i vannkanten før natten fikk vi innblikk i stølslivet i gamle dager, og litt om «selskapsveien» og Skiferbruddets historie. Gunnar Eikren er en god forteller.

God frokost ute, med blikkstilte vann, brødiskiver og kaffe fra bålet. Presten hadde ord for dagen, og bjella ringte oss ut til stille vandring mot vest. Hvilke planter har Maria-navn? Marimjelle, Marikåpe og Maria gullsko, vi fant også den unnselige blomsten Olavsstake – et spor etter kongen også i floraen vår!

Vi gikk et stykke på den gamle selskapsveien, som gikk fra skiferbruddet ned Skrautvålsbygda til Fagernes – og plutselig sto vi ved den staselige direktørboligen – en stor kontrast til husene på stølene vi hadde forlatt! Her måtte vi raste! Videre mot vest. I svingen ved Bergo, med flott utsyn over Vollbufjorden, møtte vi hjelperne med forfriskninger. Ivar Høyne fortalte historien om kirka som har stått på Kyrkjeborg. Tiden tillot ikke at vi fikk gått dit, men han fortalte hvor man tror kirka har stått. Videre fra Frugevegen måtte vi til slutt gå ned og fikk asfalt under føttene. I prestegården ventet prostene med forfriskninger, og vi fikk på nytt deilig mat fra fengselskjøkkenet. Vi avsluttet med en fin stund i kirka. Bjella fulgte oss der også.

Alle var trøtte, og det var godt med vanlige senger denne siste natta.

Veien over til Vestre Slidre fra Volbu er kjent fra gammalt – før det ble eget prestegjeld i Øystre, dro presten over for å holde gudstjeneste, og når presten falt fra, måtte enka dra over åsen til enkesetet på Løken.

Vår vandring Olsokdagen gikk mot Slidredomen. På vei over via Slidrestølene måtte vi ut på Klokkargardsberget. Fantastisk utsikt over Vestre Slidre, og Slidredomen, vårt mål, midt i sikket.

Vel nede i Slidre fikk vi drikke, ble plassert fint i prosesjon og tok imot storstilt underholdning både før og etter messa. Høytidelig var det å gå inn til «No stig vår song» og legge vandrerstavene fra oss ved alteret i Slidredomen. Både biskop Ole Kristian Bonden og ordførerne og de prominente gjestene forøvrig understreket mangfoldet i tradisjonen etter Hellig Olav, hva kirken og kristendommen betyr for landet vårt, og hvor viktig det er å ta med seg det beste av verdiene når vi nå skal ta landet vårt inn i framtida.

Avslutningen i Slidredomen var en velsignet stund, en eventyrlig opplevelse! Det var rart å si farvel etter fire intense dager sammen. Takk for turen!

Tekst: Marit Hegde og Eli Vatn
Foto: Gunvor Hegge, Ingunn Hommedal og Kristin Bakke Lajord

Innhaldsrikt innspelsmøte om Leva heile livet

25. mai var det duka for innspelsmøte om vegen vidare i Leva heile livet-prosjektet. Mange vangsgjeldingar møtte opp for å gi sine verdifulle innspel og meiningar!

Vang kommune har arbeida med prosjekta «Leva heile livet» og «Aldersvennleg samfunn» frå 2021. I denne perioda har dei gjennomført fem gjestebod og fått gode tilbakemeldingar, som har enda opp i ulike satsingsområde. Desse satsingsområda er bustadutvikling i Vang, digitalt heile livet, aktivitet i felleskap og møteplassar.



25. mai inviterte kommuna til innspelsmøte på Tyinkrysset fjellstue for alle over 55 år, nettopp for at dei skal kunne gje sine innspel og vera med å forme vegen vidare for prosjektet. Det var fleire ulike tema som skulle tas opp under møtet, blant anna var det mykje fokus på møteplassar og ulike trygge turmoglegheiter i nærområdet.

Line Margrethe Svien frå Tyn-Filefjell opna møtet med å seie at det lenge har vore eit ynskje å få til eit betre tilbod for pensjonistar på Filefjell. Ho lanserte ulike moglegheiter for kva som kunne vera aktuelt å få til i nær framtid. Blant anna vart gåtur og pensjonistmiddag nevnt som eit særst populært tilbod. Svien avslutta med å seie at dei alltid er varmt velkomne til fjells og at ho gleder seg til å sjå dei.



vikling, digitalt heile livet, aktivitet i felleskap og møteplassar. Alle innspel var kjærkomne, og fleire ytra sine verdifulle meiningar og ynskjer for framtida. Desse innspela skal vera med å forme vegen vidare for Leva heile livet i Vang.

avslutte møtet med å snakke om Sterk og stødig – fallforebyggande trening for seniorar, som startar opp til hausten att. I tillegg ga dei alle deltakarane på møtet ein liten smakebit på eit utval øvelser frå Sterk og stødig.

Prosjektleiari for Leva heile livet, Joanke Tito, guida så resten av møtet med å ta opp dei ulike delprosjekta om bustadut-

Til slutt fekk folkehelsekoordinator og frisklivsrettleri Caroline Sollie Bryntesen og fysioterapeut Karina Nyborg

Ida Nordland Hillestad,
Innovangsjon

Pårørendeskole våren 2024

Vang og Vestre Slidre ønsker å starte opp med pårørendeskole våren 2024. Dette er et kurstilbud til deg som har et familiemedlem eller en nær venn som har en demenssykdom. Kurset er tenkt å foregå over 5 kvelder og det blir tatt opp ulike aktuelle temaer som:

- Demenssykdommer
- Kommunikasjon
- Hverdagen som pårørende
- Lovverk
- Informasjon om ulike hjelpetilbud

Ønsker tilbakemelding på interesse innen 15. november:

Ta kontakt med Stine Solemsli på mobil 908 96 012 eller e-post: stine.solemsli@vang.kommune.no



Leva heile livet og aldersvennleg samfunn

Ei oppdatering frå prosjektgruppa

Me har jobba med fleire tiltak.

I mai hadde me eit informasjonsmøte om *Leva heile livet og aldersvennleg samfunn* på Tyinkrysset fjellstue. Ca. 30 innbyggjarar møtte opp. Møtet var vellykka. I dialog kom me fram til å etablere ein møteplass på Tyinkrysset fjellstue, torsdagar ein gong i månaden. Fredensborg fritid vil gjerne samarbeida med frivilligsentralen og kommunen for å tilby eit variert opplegg.

Me har etablert **digi-kafé kvar måndag utanom skuleferiane frå kl. 16 til 18**, som drop-in. Unge digivertar bemannar måndagane med ein vaksen person til stades. **Digi-kafé første onsdag i månaden frå kl. 12 til 14**. Onsdagar er det frivillige digivertar som hjelper til. Program for onsdagar: 4. oktober: Bruk av mobiltelefon, 11. november: Ut og reise – billettbestilling, 6. desember: E-post. Digi-kafé er på Vang folkebibliotek.

Sterk og stødig er eit lågterskel effektivt treningsopplegg som me ynskjer skal vere lett tilgjengeleg. Det handlar om at grupper i dei ulike grendene i Vang trenar med ein frivillig trenar. Frisklivsrettleiar Caroline Marlen Solie Bryntesen og fysioterapeut Karina Nyborg er instruktørar for å lære opp og rettleia frivillige trenarar. Me leiter etter frivillige trenarar.

Så kan ein organisera andre aktivitetar i fellesskap for å få eit endå meir levande samfunn. Til dømes **ein nærtur, discgolf, bocchia, fisketur, sykkeltur, gåtur med hundar osv.** Det kan vera spontant fordi «i dag er det fint vær». Men korleis skal ein vita om det? Dei som ikkje bruker digitale medium, blir fort utestengde. Brevpost og ein ringerunde har vorte erstatta av SMS, messenger-melding, snapchat, instagram og e-post. Det finst utruleg mange fordelar med den digitale verda. Og dei må me satsa på.

Eit godt liv heile livet handlar ofte om å halde fram med mykje av det du trivst med. Du må berre planleggja litt.

Frå oktober tilbyr kommunen **bustadrettlegg** for dei som ynskjer å flytta, til dømes frå ein stor einebustad til ein enklare bustad/leilegheit, eller vil leggja til rette bustaden sin. Å ta val om bustad-situasjonen kan vere komplisert, både økonomisk og praktisk. Viss du ynskjer å snakka om din busituasjon per i dag og/eller på lenger sikt, ta kontakt med Joanke Tito, rådgjevar helse og omsorg:

Joanke.tito@vang.kommune.no,

mobil: 954 04 279

eller sentralbordet 61 36 94 00.

Du kan få besøk heime eller få ei samtale på kommunehuset. I tilfelle det trengs annan kompetanse, kan ergoterapeuten Hanne Kjersti Berge eller frisklivsrettleiar Caroline Marlen Solie Bryntesen bli involvert. Innan administrasjonen er det personar med byggtknisk kompetanse som kan bidra.

Stortingsmelding 24: Fellesskap og meistring, bu trygt heime vart publisert i juni 2023. Den erstattar *Leva heile Livet*.

Bu trygt heime-reformen har fire satsingsområde:

- levande lokalsamfunn som tek vare på aktivitet og fellesskap
- tilpassa butilbod og moglegheit for å bu trygt i eigen heim
- kompetente medarbeidarar
- tryggleik for brukare og støtte til pårørande.

Politikarar har *Leva heile livet* og Alders-vennleg samfunn i partiprogrammet sitt. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal reviderast. Bu trygt heime skal få plass i denne planen. Ei bustadgruppe frå administrasjonen jobbar med bustadutvikling i Vang kommune, som skal tilrå moglege tiltak.

For å behalda eit berekraftig samfunn må me tenkja nytt, og me, innbyggjarar, må planleggje litt!

Joanke Tito,
rådgjevar helse og omsorg,
prosjektleder *Leva heile livet*

Sokneråda 2023–2027

Desse er innvalde i sokneråda i Vang kommune. Råda vil konstituere seg i løpet av hausten.

Øye sokneråd:

Aud Synnøve Kvale
Nils Torstein Hermundstad
Tor Arne Eltun
Anders Hermundstad

Varamedlemmer:

Gerd Svien Fauske Marken
Ingrid Grøv
Anette Stefferud Bøe

Vang sokneråd:

Kristin Bakke Lajord
Tor Erik Berge
Anine Rauken Kattenvold
Leif Solemsli
Ivar Eiler Thune Hagerup
Merete Wårum Bjørgo

Varamedlemmer:

Liv Ingeborg Bøland
Bente Linnerud Dalåker
Christoffer Sveberg Bøe
Åse Marie Lien Petersen

Heensåsen sokneråd:

Solbjørg Kvålshaugen
Nils Harald Heen
Unni Elisabeth Flaate
Oddvin Magne Almenning

Varamedlemmer:

Elin Rømyhr Haugen
Randi Sandhaugo
Synnøve Kvam

Høre sokneråd:

Marianne Riste
Nina Neståker
Silje Marie Olimb
Stein Inge Sæternes
Olav Dahl
Sara Matilda Franklin

Varamedlemmer:

Silje Hjellemarken Helland
Margit Bunde Loe
Kristian Finsveen
Borghild Hemsing

Me ynskjer dykk alle velkomne – og gler oss til samarbeidet!

Kyrkjekontoret

Klokkarskifte på Heensåsen!

Ja, dette hender ikkje ofte! Faktisk byter vi prest oftare enn vi skiftar klokkar. Sidan fyrst på 30-talet er det berre skifta klokkar to gonger, begge gongene til ei kvinne. På same tid har vi skifta prest heile sju gonger, ho Ingebjørg Vik Laugaland er den åttande presten sidan 1930 – og fyrste kvinne.

Dei siste 26 åra har Solveig Heimlid sete i klokkarstolen i Heensåsen kyrkje, og ho er dermed ein del av ein tradisjon som er både lang og kort på same tid. Vi går ikkje lengre attende i historia enn til Boye N. Wangensteen. Han vikarierte som klokkar av og på mellom 1928 og 1937, då han vart fast tilsett. Han var trufast i klokkarstolen fram til 1969, då han tykte det var på tide å pensjonere seg. Det var ingen som sto klar til å ta over, så etter å ha vore utan klokkar eit par år, klarte soknerådet og soknepresten til slutt å overtala Borgny Heensåsen til å ta jobben i 1971. Ho vart den fyrste kvinnelege klokkaren, og det viste seg å vere eit lukkeleg val. Ho hadde jobben fram til 1997, då Solveig Heimlid var klar til å føre tradisjonen vidare. Dermed er Solveig den tredje klokkaren i Heensåsen kyrkje på tett innpå 100 år!

Når Solveig no har vald å gje seg, ynskjer Vang menighetsblad ein samtale med henne, om liv og gjerning i kyrkja. Vi møttest på Saras kafe for å høyre korleis det har vore å vere klokkar alle desse åra.

Solveig fortel at ho alltid har hatt eit liv innan kyrkja. Far hennar var prest og mor hennar organist, så kyrkja og alt den står for var sentral i oppveksten hennar. På den tida var det vanleg at prestar og familiane deira flytta og bytte jobb om lag kvart 10. år. Det var ikkje berre lett for unge Solveig å flytte frå ein kant av landet til ein annan, med annleis dialekt og annleis kultur og finne tilhøyrsløse i ei ny bygd. Då var det godt å ha fellesskapet i kyrkja som trygg grunn når ein skulle bryte opp frå det kjente og etablere seg på nytt ein stad. Trygghet i dette fellesskapet har ho og søkt som vaksen, når det etterkvart vart flytting for å ta lærarutdanning og sidan for å koma til Vang for å ta fatt på arbeidslivet her saman med ektemannen

Jon og etterkvart tre born. Ho har og teke med seg desse erfaringane i møte med nye menneske i kommunen, enten det er i private samanhengar, i kyrkja eller i arbeidet som lærar og etterkvart logoped.

«Kyrkja er vår felles andre heim», seier Solveig: om vi har budd her i all vår tid og i generasjonar attende eller vi er innflyttarar, er kyrkja for alle som ynskjer det til alle tider. Vi kan koma på merkedagar i glede og sorg, og vi kan kome ein heilt vanleg søndag. Det å møte menneske i både glede og sorg har vore gjevande for Solveig, og ho utdjuvar det slik: «Kyrkja skal ha rom for oss i ulike periodar av liva våre, og vi skal få vere der vi er. Vi skal få erfare at vi høyrer til, at menneska bryr seg om kvarandre.»

Dei kyrkjeleg tilsette skal møte alle med ei haldning prega av likeverd og inkludering. Kyrkja er «eit heilagt rom for våre alminnelege liv». Kyrkja skal vere som ein god heim, seier Solveig, og nemner ord som varme, hjelp, fred og tryggleik for å gje oss eit bilete på kva som kan kjenneteikne ein god heim. Vi kjem attende til det med at kyrkja skal ha rom for oss i ulike periodar av liva våre, og korleis ein kan vera til stades i kyrkja. Nokre gonger ynskjer ein å delta aktivt, syngje av full hals og be høgt. Andre gonger kjennes det best for oss å delta stille, lese nokre av dei fine bønene bakerst i salmeboka, sitja i benken og berre vere der, kjenne at ein er ein del av kyrkjerommet.

Før Solveig starta i jobben som klokkar var ho ikkje ukjent med livet i Heensåsen sokn og Kyrkja i Vang. Ho er busett i bustadfeltet Kantehaugadn, rett ved Åsvang, der familien etterkvart bygde seg hus som ein av dei fyrste i feltet. Ho var medlem av soknerådet i Heensåsen i 12 år, der den siste perioden delvis overlappa med oppstart av klokkargjeringa. Ho har og virka som lek gudstenesteleiar, der ho leia gudstener i kyrkjene i Vang.

Klokkaren si rolle i gudstener og seremoniar som bryllaup og gravferder er å vere ein tilretteleggjar. Sjølv brukar Solveig ofte ordet «tenar». Klokkaren



set folket i sentrum og seg sjølv i bakgrunnen, og Solveig har kjent både glede og kjent seg audmjuk for gjerninga. Det er klokkaren som, i samspel med prest, organist og kyrkjetenar, ser til at dei ulike elementa i seremonien glir saumlaust over i kvarandre gjennom avtaler og små teikn som er usynlege for oss andre. Ei viktig oppgåve for klokkaren er å ha ei kort førebuing til gudstenesta. Då er det gjennomgang av kva som skal skje, og klokkaren er nyfiken på kva prest og organist har førebudd, med utgangspunkt i tekstane som er sett opp for denne gudstenesta. Kyrkjeåret med dei ulike liturgiske fargane gir meining til liva våre. Det er tider for vekst og modning, bot og faste, og for fest og høgtid. Klokkaren får sjølv forme rolla si og korleis gjerninga blir utført, men rolla og gjerninga er og bunden av form og tradisjon. Det er ikkje høve til å seie eller gjere kva som helst. Endring i liturgi, endring i godt innøvde bønner og nye salmetonar er utfordringar som følgjer med jobben, og om ein er einig eller ikkje i vedtekne endringar, lyt klokkaren vere lojal til det som er bestemt.

I gudstenester og andre seremoniar er det mykje som er godt planlagt og innøvd, frå akkurat lang nok pause til at kyrkjetenaren kjem seg ned frå tårnet og inn i kyrkjerommet til signal om når det skal ringast ved gravferd. Likevel hender det at ting ikkje går etter planen. Då må klokkaren vere snøggtenkt, og då er det godt å ha både erfaring og pokerfjes! Solveig sjølv syns nok ikkje at ho akkurat har pokerfjes, og fortel at det av og til kan bruse godt på innsida og ho kan kjenne seg nervøs før det startar. Dette er det nok ikkje så mange som har lagt merke til, så ho har tydeleg hatt kontroll på situasjonen. Det har vore lite krumspring desse 26 åra Solveig har vore klokkar, så det var ikkje råd å få ut av henne kva som har vore «det verste» eller «det beste». Så då går vi ut frå at det meste stort sett har vore til det beste.

Vi må utfordre henne litt til: ved bærehuset, øystre inngang er det eit handavtrykk og ein signatur i betongen. Sei litt om det om kva det har betydd for deg! «Det er tidlegare biskop Rose Marie Køhn sitt handavtrykk. Ho var modig og sterk, sto for det ho meinte var rett og er difor eit føredøme for oss alle.» Og heilt til slutt: har du ein favoritt



blant alle våre vakre salmar? «Salmeboka inneheld mange gode og vakre salmar. Ei av dei eg eg likar spesielt godt, er Einar Skjæraasen sin salme «Himlen blåner for vårt øye» (nr 296 i salmeboka) som vi syng på ei norsk folketone. Salmen skildrar kjærleik til naturen med dei fire årstidene. Liva våre har også ulike tider, som kan vere prega av motsetningar, gode/vakre og triste/vonde opplevingar og erfaringar. Salmen formidlar tryggleik, takksemi og meining i trua på Gud som skapar, og den sluttar slik: ««Lovet være Han som er og ånder over tid og sted.»

*Himlen blåner for vårt øye,
jorden grønnes for vår fot.
Bekken risler for vår tørste,
korn og blomst og tre slår rot.
Fugler spiler sine vinger,
barnet pludrer med sin mor.
Lovet være han som skapte
drømmen og det første ord.*

*Vinden har sin sti å vandre,
bølgen har sin vei å gå,
vår og sommer, høst og vinter
skifter i det minste strå,
gledens tid og sorgens time
har sin bolig i hvert sinn.
Lovet være Han som åpnet
første le og siste grind.*

*Lyset stiger, lyset faller
over alle dunkle fjell.
Morgensol og aftenstjerne
viser dag og varsler kveld.
Hjertet har sin lengsels høyde,
hånden har sin gjernings fred.
Lovet være han som er og ånder
over tid og sted.*

Ei triveleg stund i Ryfoss nærmar seg slutten, og Solveig avrundar: «Eg er takksam for åra som klokkar i Heensåsen kyrkje. Det har vore fint å vere ein del av kollegiet i Kyrkja i Vang. Det er gjevande å samarbeide med folk som har ulik bakgrunn og ulik kvardag. Guro har vore ein omtentksam og inkluderande leiar, og på personalmøta er det rom for både å støtte kvarandre og vere ueinige.»

Både sokneprest, soknebarn og sokneråd har sett pris på måten du, Solveig, har bunde saman dei ulike elementa i gudstenestene på, med eigen ro og verdigheit og smittande tryggleik. Vi takkar for samver og vel utført gjerning i sorg og i glede og i heilt alminnelege dagar. Og den diksjonen din får terningkast 6!

No er det Ola Bøland som skal føre klokkargjerninga vidare på Heensåsen, og både Solveig, soknerådet og soknet ynskjer han varmt velkommen og alt godt!

Tekst: Hanne Kjersti Berge og Bjørg Berge
Foto: Privat



FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
24. NOVEMBER

Vandring på Leirskogen

Etter ei temmeleg regnfull natt sat vi fire vangsgjeldingar i bilen med kurs mot Leirskogen og tusenårsmarkeringa der 27. august. Passande utstyr var støvlar og regnmundur. Vi trudde nok at svært få våga seg ut i væta denne dagen, men ved Olavskjelda var vi faktisk ca. 35.

Både prost og biskop møtte opp etter at dei, med fleire, fyrst hadde vore til stades på presteordinasjon av Ellen Oddveig Rudi i Begnadalen.

Ved Olavskjelda vart det referert til korleis Heilag Olav slo med sverdet sitt mot ein stein for å skaffe vatn til dei tyrste soldatane sine, men vi vart frårådde å smaka på vatnet pga beitedyra i området. Det strøymde friskt fram under steinen, så vatnet såg no heilt fint ut for oss.

Vi gjekk vidare mot kyrkja, noko på den gamle kongevegen og noko på grusvegen. Undervegs var det små stopp med m.a. historisk informasjon både om Heilag Olav si ferd over Leirskogen, ein gammal feriestad for eit nonnekloster i Oslo, seinare for barneheimsborn, og stopp med allsong. Det vart også tid til ein liten quiz om området til slutt. (Premiering var hefte frå historielaget i Sør-Aurdal.)

Vi vassa i vatn og søle og «våtmarker»,



Liv D. Skaaren-Fystro (leiar for dugnadsgjengen på Leirskogen) og prosten leia allsongen.

men heldt humøret oppe. Varm suppe og kaffi servert av soknerådet i kyrkje-stova då vi nådde kyrkja, smakte utruleg godt.

Dagen vart avslutta med ein variert og fin konsert i Leirskogen kyrkje, med det passande namnet «Som en kilde klar og ren». Denne vart godt leia av prosten, og var med organist Anders Løberg, Ole Kristian Nyhagen på blåseinstrument og Helena og Kristina Oppheimsbakken Wright med song og

strenginstrument.

Det vart også vist fram eit flott jernsverd som var funne på Leirskogen og var frå den tida Heilag Olav kan ha slege leir der.

Til slutt vart komiteen og medverkande takka med fine flasker med spesiallaga etikett, fylte med vatn frå Olavskjelda.

Tekst: Ingunn Hommedal

Foto: Gerd Jægersborg



Anne Kari Eid (Sør-Aurdal Historielag) og Carl Philip Weisser ved Olavskjelda.



Åse Østgård Hagen, leiar i Sør-Aurdal Historielag, ynskjer velkomen.

Tilbakeblikk på våren og sommeren

Dagsentrene har vært opptatte med aktiviteter hele våren og utover sommeren – aktiviteter forbundet med mye glede, fysisk aktivitet og organiserte konserter og turer.

Etter en lang vinter med mye vær kom våren til dagsentrene. På Solgløtt startet vårsesongen tidlig med såing av blomster til utearealet ved dagsenteret og i sansehagene ved sykehjemmet. Dette ble et prosjekt som engasjerte brukerne ved Solgløtt.

I mars hadde vi besøk av Fredheim barnehage hvor barna sang og danset for oss til stor glede for brukerne. For øvrig ble våren benyttet til inneaktiviteter som høytlesing, minnearbeid og hobbyaktiviteter – og etter hvert «flyttet» vi ut når sola begynte varme opp til bedre utetemperatur. Turgåing er en viktig aktivitet som brukerne ved Solgløtt ukentlig gjør, også i litt ruskete vær.

Vangsheimen dagsenter har også vært aktive på flere fronter. Fra tidlig vår til utpå sommeren har dagsenterdagene vært fylt med hobbyaktiviteter, turgåing, andakter, konserter og sangtimer.

Dagsenteret er et populært innslag for mange, og vi har sett en liten økning i aktive brukere.

Mandag 3. april gjennomførte vi kinodag på Vangsheimen. Dette var et samarbeid mellom avdeling Nordigarden ved Vangsheimen og begge dagsentrene. «Fjols til fjells» stod på plakaten, og oppmøtet var meget bra. Kinodager er noe vi vil jobbe for å få til nå til høsten også.

Torsdag 22. juni reiste vi på fellestur for dagsentrene til Valdres Folkemuseum. I strålende solskinn fikk vi omvisning, folkedans og rømmegrøt. En minnerik dag hvor alle var fornøyde og glade på hjemturen.

Høsten har nå kommet og programmet for høstaktiviteter er planlagt. Brukerne ved begge dagsentrene og pasientene ved Vangsheimen har mye godt i vente!

Lene Johansen, fagleder,
Vangsheimen dagsenter og
Solgløtt dagsenter



Vang kulturskule

Vang kommune informerer:

Kulturskolerektor skal være i foreldrepermisjon til over påske 2024. I den perioden blir kulturskolen driftet av etatskontoret undervisning og kultur ved Marta Bjørnøy Lalim samt gode og dyktige kulturskolelærere.

Hjarteleg takk for den testamentariske gáva frå Kristoffer Kr. Jevnes dødsbo.
Helsing Heensåsen sokneråd



Grindadn

Eg pesar meg oppover grasbakken, jammen var det bratt her, ja. Over meg ser eg den loddrette, mørke fjellveggen, det ser ikkje ut til å bli enkelt å koma opp der.

Eg er på nordsida av Grindo, eit godt stykke ovanfor skogen. I fleire år har eg heimanfrå sett mot denne imponerende fjellveggen og lurt på om det let seg gjera å klatre han. Han ser uinntakeleg ut, men alle festningar har sine svake punkt. I Grindo er det fleire bekkefar, og no er eg på veg for å finne ut om det går an å klyve opp eit av dei.

Snart er eg oppunder veggen på det området eg har sett meg ut. Det har vore ein turr sumar, og fleire småbekkar har tørka ut. Dersom bekkane er turre her også, er det kanskje mogeleg å finne ein farbar veg. Eg sjekkar det fyrste bekkefaret - jau, her er det turt. Men det er også nærast loddrett, og utan tau og klatrekameratar er det ikkje å tenkje på å ta seg opp her.

Den neste bekken er også turr, og her ser det lovande ut. Det er bratt, men ikkje loddrett, og inne i bekkefaret ser det ut til å vera små avsatsar og gode tak oppover. Etter ei kvilepause bestemmer eg meg, dette er faktisk mogeleg å gjennomføre utan stor risiko.

Etter eit kvarters tid med artig klyving er eg oppe. Framfor meg ligg den store botnen som pregar Grindadn. Sett heimanfrå er han flott, men når eg no står midt inne i han, er han rett og slett imponerende. Her var det altså at trollet i Skutshødn, Langbein Rise, sette seg for å vri opp sokken sin. Han skulle vitje grannen sin, han Tindulv i Grindo, men plumpa uti då han skulle stega over Vangsmjøse. Den store botnen er merket etter buksebaken hans. Jau, dei var frøke karar dei gamle vangsgjeldingane!

Eg går urda opp på Veslenibba, herifrå har ein den finaste utsikta over bygda. Deretter vidare opp på høgste punktet, 1724 moh. Utsikta søraustover mot Helin og Smådalen er fantastisk. Sørover er Rankonøse nærast, vestover stikk Suletinden på Filefjell opp, og i nord-vest spiddar storkultane i Hurrungane



skyene. Slike utsyn set seg i minnet.

Kvar skal eg så legge nedturen? Eg kan gå normalruta sørover og ned på Smådalsfjellet, eller eg kan gå Heimstølbøtten ned i Skakadalen. Eg vel det siste, då får eg meg ein fin rundtur. Den kjedelege delen av turen er å gå vegen nedover Skakadalen, men det er greitt nok på slutten av ein lang dag.

Grindadn er sjølv signaturfjellet for Vang. Sett frå nord og nordaust er det eit mektig massiv som reiser seg over bygda og Vangsmjøse. Det er nok mang ein gjennomreisande som lurar på om han alt har kome til Vestlandet når han på E16 kjem så langt at utsynet over bygda opnar seg. Er det ein vårdag med grønne lier og snø på Grindo og fjella rundt, er det eit flott syn.

Kvar kjem navnet Grindadn frå? Det skal koma av grind, altså i Vang ei stengsle mot sør og vest. Det er vel ikkje så usannsynleg, men det eg finn underleg er at navnet er i fleirtal. Navnet er brukt om eitt fjell, og var det ikkje då meir naturleg at det heitte Grindè? Ja, slikt kan ein gå og lure på når ein ruslar i eigne tankar nedover Skakadalen.



Tekst og foto: Ola Heensåsen





Samarbeid mellom Vangskoret og Nes sangforening

Helga 10.-11. juni hadde Vangskoret eit samarbeid med Nes sangforening frå andre sida av Mjøsa. «Perledykk i filmens og musikalens skattekiste» var tittel på prosjektet.

Koret kom til Sommerhotellet i Vang på fredag og overnatta her til laurdag. På laurdag var det fellesøving på Åsvang, og me avslutta med konsert der på kvelden.



Begge kor er lokalisert i nærleiken av «Mjøse», og då var det naturleg med eit samarbeid. Aud Kolltveit var med i Vangskoret tidlegare, men er no med i Nes sangforening, og ho var nok drivkrafta for å få til dette samarbeidet.



På søndag reiste Vangskoret til Tingnes kulturhus på Nes, og der hadde vi same konsert på kvelden. Her stoppa vi i Odnes for å ete, då vart det tid til ein spontan opptreden der og!

Takk til dirigenten vår, Jovita Bergheim, som har gjort vikaroppgåva etter Silje Helland på ein fin måte. Trond Hofseth Berg dirigerte Nes sangforening, og i saman tok dei seg av våre fellesnummer.

Synge i kor er sosialt og givande og gjev mange opplevingar på turar og konsertar. Vil du vere med i Vangskoret? Ta gjerne kontakt!



Helsing Oddbjørn Skeie, tenor i Vangskoret
Foto: Oddbjørn Skeie og Jorunn Trøen

Stølsmesse på Kviessynda

13. august, 11. søndag i treeiningstida, var det stølsmesse med dåp på stølen til Kristoffer Kvien og Monica Søndrol. Meteorologane spådde ikkje særleg godver, men regnet tok pause, sola titta fram og gav dei mange frammøtte ei varm stund ute på den trivelege setervollen.

Vertskapet bar yngste sonen sin, Sigve, til dåpen, og storebror helte stolt vatn i dåpsfatet – dåpsvatn henta frå Nørdre Synda.

Utsikt mot Nørdre Synda-vatnet og Grindafjellet gav ein ekstra dimensjon til tekstane og preika. Vikarprest Bjørn Mathiesen gjennomførte messa med god hjelp frå kyrkjetenar Odd Egil Rudi og klokkar Geir Kongslie.

Det er ei god fordeling av arbeidsoppgåver under stølsmesser i soknet. Stølseigarane held hus, og soknerådet i Høre hjelper til med traktering etter messa.

Ein stor takk til Monica og Kristoffer med familie som tok imot oss på stølen. Og like eins til soknerådet for servering av smakfulle lappar og kaker. Saman gjorde dei stølsmessa til ei triveleg samling på eit flott støslag på Kviessynda.

Tekst: Kari Bø Wangensteen



Digi-kafe på Vang folkebibliotek



Digivertar: Olav van Leeuwen, Oskar Solemsli og Lene Berge

Kvar måndag i skuleåret kl. 16 til 18

Unge digivertar bemannar måndagane med ein vaksen person til stades. Det er berre å møte opp utan avtale.

Første onsdag i månaden kl. 12 til 14.

Frivillige digivertar hjelper til.

Program for onsdagar:

- 4. oktober: Bruk av mobiltelefon,
- 11. november: Ut og reise: billettbestilling,
- 6. desember: Bruk av e-post.



Velkommen, Silje!

Silje Hammerstad, vår nye kyrkjevevjerje, hadde sin første ordentlege arbeidsdag på kyrkjekontoret 1. september, og har sidan det hatt hendene fulle. Silje har vakse opp her i Vang, og etter nokre år utanom Valdres kom ho tilbake sumaren 2021. Med på lasset hadde ho mannen sin Kenneth og to småtroll. I etterkant har dei utvida familien ytterlegare, og har no Trym på 7 år, Ylva på 4 år og Emrik på 1 år.

Kor har du vore, og kva har du gjort etter at du flytta frå Vang?

Etter nokre år på Fagernes i forbindelse med vidaregåande skule, tok eg turen innom Forsvaret som tekniskar. Der trivdes eg såpass godt at eg vart værande i 15 år, før eg no tok turen ut i det sivile. 11 av åra var me på Bardufoss i Nord-Norge, og så byrja eg med pendling mellom Vang og Sessvollmoen etter me flytta hit til Vang. Men med no tre småtroll, og med minstemann som er såpass liten – var det på tide å gje slepp på det grønne og sjå etter noko «hakket meire lokalt».

Kva var det som gjorde at de ville tilbake til Vang?

Det var hovudsakeleg nærheit til familie i kvardagen som lokka, då det var snakk om store avstandar. No har me også nettopp bytta roller i heimen; at det er min betre halvdel som har byrja att i Forsvaret og starta med pendling til same arbeidsplassen som eg sjølv hadde på Sessvollmoen (Teknisk avdeling). Når eg no blir såpass mykje «åleinemor» i veka, føler eg meg ekstra heldig som har såpass tett band til familien her heime. Det har mykje å seie å ha fleire som ein kan støtte seg på i kvardagen, og som har lyst til å følge ungane i oppveksten.

Kva var det ved jobben som gjorde at du ville søke?

Dess meir eg hørte om stillinga, dess meir fekk eg trua på at dette kunne passe meg fint. Eg trivst med utfordringar og varierte arbeidsoppgåver – og har dreve mykje med koordineringar tidlegare – så forhåpentlegvis blir dette ein suveren arbeidsplass. Til no verkar det i alle fall veldig lovande – og så er eg jo utruleg heldig som har deg til staden fyrste tida i forbindelse med overlapp. For det er utan tvil mykje å sette seg inn i.



Som avtroppande kyrkjevevjerje etter 26 år, var det spennande å sjå korleis etterkommaren var, men det var ikkje noko å bekymre seg for. Silje har verkeleg teke tak i oppgåvene som låg klare. Med kyrkjevalet og budsjett som dei første oppgåvene i tillegg til generell overlapp i stillinga, har ho fylt dagane fullt ut. Vi er begge einige om at det er godt med god tid til overlapping.

Lykke til, Silje – me håper du får gode år i kyrkjevevjerjobben!

Guro Hovda

Søndagskule

Mange har gått på søndagskule i sitt liv, men no er det mange unge som aldri har gått på søndagskule! Dermed prøver me oss med fire søndagar no i haust, ein i kvar kyrkje, så ser me interessa an.

Målet er å bli betre kjent med Jesus, leike, synge og be. Me har lyst å bruke dei fire kyrkjene, og også bli kjent med sjølve huset og det som er inni. Det er sjølvsagt greit å komme kun på søndagskulen ca kl 12, eller til messa som er kl 11. Søndagskulen passar for alle slags familiar med barn opp til ca 10 år.

Kanskje det blir ein tur etter søndagskulen? Ta gjerne med niste, avtal med andre som kanskje har lyst å bli invitert med.


Me er veldig takksame for at Solveig Heimlid takka ja til å ha det pedagog-



iske ansvaret, dermed er det i dei beste hender! Eg blir også aktivt med kvar gong. Me har ingen som lagar mat eller drikke til samlingane, så dersom du har lyst å bidra, tek me meir enn gjerne imot praktisk hjelp til dette. Gi lyd!

Ingebjørg Vik Laugaland
sokneprest

Foto: Kristina Heensåsen



Superressurs barnehage Vang kommune 2023

Elise Vendil Guldvik-Belsheim
Frøya Hippe Lunde
Amanda Kjørstad Bøe
Thias Tørstad
Ingrid Haugen Sørensen
Karoline Veflen
Elise Dalen Kvam
Frida Hippe Lunde
Mia Martinsen Dalåker
Andrea Søndrol Nilsen
Emma Isabell Kvale
Thea Nickelsen
Gregory Diadiurenko
Gleb Diadiurenko
Malak Awad Babiker
Ylva Solemsli

Haust

- på biblioteket
og frivilligsentralen

Scan koda for
nyheitsbrev!



Valdebatt



Vi sparka i gang hausten med valdebatt 30. august, i samarbeid med Avisa Valdres. Vi takkar modige debattantar, dyktige debattleiarar og publikum for godt oppmøte med 70 i salen (best i Valdres!), i tillegg til at om lag 50 følgde livestreamen på facebook.

Digi-kafé



Framover blir det to ulike tilbod om digi-kafé på Vang folkebibliotek, ope for alle:

Kvar måndag (utanom skuleferiar) kl. 16–18, med ungdom som digi-vertar. Ungdommane du vil møte desse ettermiddagane er Olav van Leeuwen, Oskar Solemsli og Lene Berge.

Første onsdag i månaden kl. 12–14, med frivillige digi-vertar. Boye Thorpe, Håkon Berge, Derk Stegwee og Svein Ove Blystad er blant dei som sit klare til å hjelpe deg desse onsdagane.

Ta med mobil/nettbrett/PC, og evt. kodebrikke/passord. Vi byr på kaffi, te og kjeks. Digi-vertane har sjølvsgat

teieplikt.

Bli tryggare på data og smarttelefon, og oppdag mogeleheitene du får med meir digital kompetanse! Digi-kafé er eit samarbeid med Vang kommune/Leve heile livet. Du kan lese meir på vang.frivilligsentral.no

TV-aksjon

Årets aksjon går til Redd Barna og heiter «La barn leve i fred». Sondag 22. oktober får du ein bøssebærar på døra. Vi håper du vil bidra til å hjelpe barn som er ramma av krig og konflikt!

Bibliotekprosjekt på VBU

Dette skuleåret skal folkebiblioteket ha eit prosjekt på VBU. I samarbeid med skulebiblioteket og dei tilsette på skulen skal vi jobbe for å auke leseglede og -lysta hjå elevane. Prosjektet er finansiert med støtte frå Utdanningsdirektoratet, som gjer at vi har fått auka personalressurs. Vi gler oss til å sette ordentleg i gang med små og store aktivitetar og til å bli kjent med elevar og personalet ved skulen.

Sommarlesavslutning



Også i år har ungene i Vang lese godt gjennom sommaren, og midt i september var forfattar og illustratør Reidar Kjelsen på besøk. Til hyl og latter frå dei 30 ungene (og humring og kanskje nokre gisp frå dei vaksne) lærte Reidar dei unge vangsgjeldingane litt av kvart, mellom anna at damer er skumle greier. Etter show var det utdeling av ein hovudpremie frå Valdres sparebank og ei bok på kvart skuletrinn. Vinnarane er trekt ut blant alle dei som har delteke på sommarles.

Valdres litteraturfest 2023



6.-12. november dreg vi i gang Valdres litteraturfest att, i samarbeid med dei andre biblioteka i Valdres. Som tidlegare år blir det både ope og lukka arrangement; programmet er i skrivande stund ikkje heilt spikra, men vi går for eit variert program i år også. Noko av det som er fastsett: på kvelden 8. november kjem Aasmund Nordstoga og Åsmund Reistad til Vang, og 10. november inviterer vi til ein felleskveld på Trykkeriet på Fagernes.

Bokkveld



Onsdag 6. desember blir det bokkveld på biblioteket med utdeling av prisen til årets positive vangsgjelding. I år kjem ein lokal bokdebutant for å halde foredrag: Tor-Evert Grøndal i Øvre Brekkebakko vil fortelje om oppturar og nedturar i livet.

Elles fram mot jul kjem vi til å invite-re til lesesirkel, dikt til lunsj, kviss og luciafrukost. Følg oss på facebook, og abonner gjerne på nyheitsbrevet vårt så får du oppdatert informasjon rett i e-post-innboksen din!

Marte Tangen og Marianne Riste

Kulturminne ved E16-utbygginga ved Øye

I krysset der vi svingar av til Øye no, var det heilt til nye E16 kom, jorder i drift til fleire av gardane i Øye, fortel Svein Ivar Haugen. Sør for krysset finn vi Nestebekk, den var alder turr. Der var det laga så ein kunne koma inntil for å hente vatn – no i seinare tid kunne ein og rygge tank inntil med traktor – om det vart tome kjelder på gardane. Dette vart dessverre ikkje tilrettelagt ved siste vegutbygginga. Øyeværingane må laga ny tappeplass i Rødøla om behovet melder seg.

Litt lenger nord, rett over vegen for Bjørkheim, var det eit jorde dei kalla Tomthus. Det har nok vore hus der, men berre tomter viste. Alt er no gøymt i nye vegskråningen. Nord for Bjørkheim – på oversida av vegen, der det i dag går eit langt, fint mura bekkeløp mellom vegane – stod eit hus eg alltid har trudd var ein stor garasje. Nei då, det var fryseri som brukaren på Haugen sette opp og leigde ut plass, bl.a. til Tyinholmen og Eidsbugarden, men sikkert til bygdafolket og. Her i mitt område leigde folk plass på fryseriet til Vang Ysteri, minnest eg. Det var kji før ca. 1960 den vanlege husholdning hadde eigen frysar, det eg kan hugse.

Det vart svært lange skråningar både ovanfor og nedfor nye E16-vegtraseen, så mykje av jorder eller tomter etter husmannsplassar til gardane i Øye er borte no, seier Svein Ivar. Noko av Øye er slik laga at det er fjell og moreneryggar med ganske flate små dalar innover før dei stig bratt opp mot fjellet. Deler av desse djupe dalane er no fylt opp av skråningar til nye E16.

Synsteeikra er navnet på bruket som Jørgen Ellestad hadde, fyrste bruk sørfrå, på øversida av gamle E16 gjennom Øye, litt nord for der fryseriet til Haugen stod. Innover frå tunet til Synsteeikra går ein slik dal. Der inne låg husa til husmannsplassen Pusshølet, og jordevegen vart kalla Pussmarke. Årsaken til navnet var at husmannen heldt jordevegen sin så fint pussa og i orden. På Haugen går det ein slik dal innover frå gardstunet, men no er mesteparten fylt med veg og skråning. Så fortel Svein Ivar at frå området ved kyrkja og inn



Det gule huset står mellom Øyevegen og Vangsmjøsa, resten er gardstunet på Synsteeikra, og innover der ser vi det flatare partiet med snø i botnen og opp mot vegskråninga. På innsida av nye E16 er det meste av søkket fylt med masse. Her var altså husmannsplassen Pusshølet.



Eit anna slikt søkk i terrenget går og innover frå gardstunet på Haugen. Frå Øye kyrkje og innover ser vi granskog – her er uthuset på Øye sørre fremst i bildet og stavkyrkja heilt til høgre – og så snødekt vegskråning. Dette er Høndalen, her gjekk og gamle stølsvegen opp til Rødalen.

mot det sørre innløpet til Rødølstunellen har vi Høndalen. Den låg løngt og godt før både sol og vind. Jordet inst i Høndalen, like ved tunellinnløpet, var årvisst før god kornhaust ... der var og fyrste plass det vart dyrka potet i Øye.

På ei slette nede ved Mjøse, ned for/under det sørre krysset der vegen mot Øye tek av, var det ei bygdesag som dei fleste i Øye var medeigar i. Det var ikkje så mykje skog i området i tidlegare tider som no i dag. Svein Ivar fortel at det vart kjøpt mykje timmer i Gardalen, frakta opp til Øylo og so fløytt på Vangsmjøse til sagbruket i Øye.

Etter som åra og tida endra seg, vart det til at Jørgen og Olav Ellestad fekk overta saga og dreiv der etter behov. Olav var og bygningssnikkar, fekk seg

familie og hus ved Mjøsang, så etter kvart dreiv han mest med slikt arbeid. Jørgen hadde bruket Synsteeikra, der han og broren vaks opp, og so jobba han i Vang Sparebank. Likevel var han på saga kveldar og laurdagar når spørsmålet om skjæring kom.

Ola P. Oldre førtel at då Alfred og Arnlaug Hermundstad (ho er frå nørre Heen) skulle bygge hus, vart timmeret høgge og drage ned på isen i Skjetvike, vike i Nørsvinsfjorden bortunder Høvdaberget. Knut på Øygarde køyrde so timmeret med lastebil fjordvegen på isen opp til Øye og sage til Jørgen og Olav. Der vart timmeret til material og seinare hus på Tyinkrysset. Ola P. har sjølv køyrt mykje timmer frå Vennis og Øye til Ellestadsaga, seier han.

Ivar Hemsing

Veg over, rundt og gjennom Kvamskleiva

Takk til Bjørg og Tone!

Kongeveien over Kvamskleiva erstatta den tidlegare kongevegtraseen på austsida av Vangsmjøsa i 1808. Men den nye vegen var bratt og gjekk delvis ytst mot den stupbratte bergveggen, og i 1862 vart den erstatta med ny veg langs fjorden – framleis nemna Kvamskleiva og framleis oppfatta som farleg, men no var det mest fare for ras.

Etter at ein stor stein raste ned i vegbanen i 2012, tok to driftige damer – Tone Lajord og Bjørg Olimb – affære og oppretta ein aksjonsgruppe saman med ordførar Vidar Eltun og Arve Wangensteen frå Vang Autoservice.

Gjennom utallige møte, synfaringar og ulike former for lobbyverksemd, og ikkje minst etter eit nytt steinsprang i 2019 med påfølgande foreldreaksjon og skulestreik og breitt folkeleg og politisk engasjement, vart Stortinget til slutt overtydd om at det måtte til ein tunnel gjennom Hugakollen. Pengar vart løyvd, entreprenørfirmaet Hæhre vart sett på saka, og 19. november 2022 vart tunnelen opna.

Men ikkje alt var heilt ferdig: infor-

Kulturstigen i Høre

Opparbeidde stigar og løyper i Vang må vedlikehaldast – det gjeld også kulturløypa til tidlegare Høre skule.

Fram til nedlegginga av Høre skule i 2015 hjalp lærarar og elevar til med rydding og vedlikehald av kulturløypa under miljødagar om våren. Etter 2015 tok kommunen det eigentlege ansvaret, men det er mange stigar å fara over. Styringsgruppa rekk oftast ikkje meir enn turane skrive om i Turhandboka.

Underteikna ser etter og melder frå til kommunen om nødvendige tiltak. Det har vorte mange turar med bøgassag og klyppetong gjennom åra, men når



masjonstavler i baa ender av tunnelen trengtest. Bjørg og Tone, saman med Tore Hovda og Nils Rogn frå Vang historielag og Katarina Sparstad frå Valdres Natur- og Kulturpark har utarbeidd flotte plakatar, som er montert på same vis som anna info om Kongevegen over Filefjell. Valdres Sparebank og Vang kommune har finansiert plakatane, og Hæhre og Statens vegvesen har ordna monteringa. Tavlene vart avduka ved ein enkel seremoni 3. oktober 2023. Med dette kan aksjonskomiteen endeleg ta seg ein betre middag og seie:

Vel blåst!

(Men vi veit at framleis er det utfordringar langs strekninga på sørsida av tunnelen: vinden i Hugaviken er velkjent og har allereie skapt store utfordringar – så framleis er det ting å ta tak i for

motorsag trengs, må andre krefter trø til. I synste delen av løypa har fleire private rydda unna tre på eige initiativ gjennom fleire år.

Stormen for nokre år sia og snøtunge vintrar har skapt utfordringar. Den nørdeste delen av kulturløypa har vore mest utsett, særleg nær kolgropene. Og der tre dett over ende eitt år, rammar ofte mange tre i same området året etter. Mange tre sperra stigen fleire stader i sommar, men desse er no rydda vekk. Midt i juli gjorde Lasse Kjøs ein stor jobb med motorsaga. Han saga ned mange store tre, både tre som låg velta over løypa og som hang i lause lufta over stigen. Resten fjerna Egil Haugen i september.

Slik skal heile løypa vera godt fram-



Frå opninga av tunnelen i 2022.

aksjonistane langs E16 forbi Kvamskleiva!)

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne

Foto: Helge Lajord



Lasse Kjøs i sving med motorsaga.

komeleg framover – så lenge det varar. Ha ein god hausttur i kulturløypa! Ser du velta tre eller andre ting, så meld gjerne frå til underteikna.

Kari Bø Wangensteen



Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Alle gode ting er tre	480 95 948	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	TK-Bbygg AS	99 00 94 84
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Elektromontasje	48 26 73 64	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyinlam	99 46 61 15
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Fosse Frisørstudio	94 89 12 05	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Grindaheim Bygg &		Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Vang Rør	99 52 22 22
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Pelssau	99 71 43 18		

Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd



MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:
Sokneråda i Vang

Redaksjon:
Guro Hovda, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.


Redaktør:
Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:
Kyrkjeleg fellestråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

Nyttilsette Vang kommune 2023



Jeltsje Kats-Kragt – Lærer Vang
barne- og ungdomsskule

Randi Johanna Gardshaug –
Fagarbeidar Høre barnehage

Emran Ahmadzai – Fagarbeidar
Fredheim barnehage

Liv Lien – Fagarbeidar Høre
barnehage

Tonje Buajore Sveberg – Assistent
Fredheim barnehage

Lene Rogn Lokreim – Assistent
Høre barnehage

Reidun Anita Porten – Dirigent
Vang kulturskule

Alexander Haugelien –
Kulturskulelærer

Maria Heen – Assistent Høre
barnehage

Laila Hammerstad – Reinhaldar
Vaskeriet Vangsheimen

Helene Tvenge Qvale –
Helsefagarbeidar Vangsheimen



*Slekters
gang*

Høre sokn:

Døpt:

27.05: Kevin Kjøs Kostas
08.07: Ølvar Leithe
08.07: Ingvild Paulsen Tveit
13.08: Sigve Søndrol Kvien
01.10: Mia Fredriksen Hålien

Døde:

28.09: Odd Johansen

Heensåsen sokn:

Døpt:

24.09: Elliot Granlund Eriksen

Vang sokn:

Vigde:

05.08: Marie Lajord og
Kristian Bakken
26.08: Anne Elisabeth Omnes og
Bøye Bøland

Døde:

08.07: Gudrun Wangensteen
16.09: Else Græsby

Øye sokn:

Døpt:

01.10: Eline Brekke-Dervola

Døde:

05.09: Berthe Bø
09.09: Ola Grihamar

Gudstenesteliste

Søndag 22. okt. – 21. s. i treeiningstida
Øye kyrkje kl 11.00

Gudsteneste med nattverd v/spr. Laugaland og organist Peters
Søndagskule rett etter messa!
Med tur til gapahuken etterpå

Onsdag 25. okt. – morgonsong
Vang kyrkje kl 10.30

Torsdag 26. okt.
Vangsheimen kl 13.00

Andakt v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 29. okt. – Bots- og bededag
Vang kyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/dåp og nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 5. nov. – Helgemessesøndag
Heensåsen kyrkje kl 19.00

Minnegudsteneste v/spr. Laugaland og organist Budvytis

Søndag 19. nov. – 25. s. i treeiningstida
Høre stavkyrkje kl 11.00

Gudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland og organist Budvytis.
Søndagskule rett etter messa!

Onsdag 22. nov. – morgonsong
Vang kyrkje kl 10:30

Torsdag 23. nov.
Vangsheimen kl 13.00

Andakt v/spr. Laugaland og org. Budvytis

Søndag 26. nov. – siste s. i kyrkjeåret
Øye kyrkje kl 19.00 Lysmesse

Gudsteneste v/spr. Laugaland, organist Budvytis og konfirmantane

Søndag 3. des. – 1. søndag i adventstida
Vang kyrkje kl 11.00 Lys Vaken

Gudsteneste med nattverd ved spr. Laugaland og organist Budvytis og Lys Vaken-gjengen

Onsdag 6. des. – Julegrantenning ved Drenkestøga kl 16.30

Store og små velkomne. Risengrynsgrotte til alle.

Laurdag 9. des.
Vang kyrkje kl 19.00

Konsert: Moddi. Arr: Vinjerock

Søndag 10. des. – 2. s. i adventstida
Høre stavkyrkje kl 19.00

Konsert: Julegjest Marit Karlberg

Mandag 11. des.

Heensåsen kyrkje kl 19.00

Julestemning i Heensåsen kyrkje
– Bli med å synge jula inn.

Onsdag 13. des. – morgonsong
Vang kyrkje kl 10.30

Onsdag 13. des.

Heensåsen kyrkje kl 18.30

Konsert: Jul med Valdresmål og mening

Søndag 17. des. – 3. søndag i adventstida
Vang kyrkje kl 12.00

Søndagskule

Søndag 17. des. – 3. søndag i adventstida
Vang kyrkje kl 19.00

Julestemning i Vang kyrkje.
Me syng jula inn med Vangskoret

Tysdag 19. des.

Høre stavkyrkje kl 19.00

Julestemning i Høre Stavkyrkje. Me syng jula inn saman med Høre Mannskor

Onsdag 20. des.

Heensåsen kyrkje kl 19.00

Konsert med Fjellblom musikklag




Foto: Sidsel O. Jevne

Trykk: Printfarm.no - Layout: Ingridesign.no

ingridesign



**VANG
MASKIN**

- har betalt denne utsendinga av

VANG MENIGHETSBLAD

tlf: 911 01 928 | post@vangmaskin.no